Tusen takk til alle våre kunder! Vi har Norges beste skadeoppgjør i følge bytt.no. I tillegg har vi svært fornøyde forsikringskunder (Norsk kundebarometer 2021) og scorer nok en gang høyt i kategorien skadeforsikring med 4 av 5 stjerner.

Best i test på forsikring



Alle forsikringer du kjøper hos oss er fra Fremtind Forsikring.

Stress å flytte forsikringene?

Neida - vi gjør hele flyttejobben for deg



Ruth Marit S. Dannevig
Finansiell rådgiver
Ring 950 33 825



Elin Mo
Autorisert finansiell rådgiver
Ring 911 18 277



Marit Fiske Nes
Autorisert finansiell rådgiver
Ring 915 84 167

Ring eller chat
med oss alle
dager 7-24

915 03900
bank.no



Måndagsturen

Søya har ikkje lenger noko organisert dametrim slik det var frå 1969 og i mange år framover. Men det fins damer i området som ikkje har lagt inn årene enda, og som møtest til trimtur kvar måndag.

For eit par år sidan dukka det opp ei «piratgruppe» som ikkje har noko med idrettslaget å gjere, men nedslagsfeltet høyrer Søydistriktet til. Det starta i august 2019 med nokre spreke damer på Kvanne i +/- pensjonsalder som fann ut at det hadde vore kjekt å gå på tur i lag på måndagar av alle dagar. Dei brukte sosiale media, la ut på Faceb. og laga omtale av turane sine. Og ryktet gikk slik at stadig fleire vart med på turane. Det kom folk frå Kvanne, Lykkjebygda, Stangvik og Nordvik. Desse damene går ikkje på topturar, men held seg i låglandet, treng ikkje gå så langt, men likar å gå i ring. Det har ført til mange fine rundturar i dei ulike grendene. Dei har ein liten sekk på ryggen og dei har med seg termos med kaffe og ei eller to kakskiver og ein og annan kvikkilunsjen. Matpausen tek dei som oftast ved turens slutt, og da er det ofte spørsmål om å finne ein plass der dei kan komme under tak om veret er for dårleg. For dei veier ikkje ver desse damene. Dei går tur både i regn, sludd og snø. Dei har hatt mange turar i Stangvika med rast både i Bondehuset og på Svisholmen, skihuset på Vang har vore utgangspunkt for fleire turar, det samme med klubbhuset på Søyabanen. Dei har vore i gapahuken hans Magnar i Haltbakkvegen, på verandaen på Grytskogsetra hos Ola og i Steinsovnsbakeriet i Slettneset.

Turmåla har vore varierte, dei går ofte etter skogsveggar og på meir ukjente stiar. Av ulike turmål kan nemnast; Middagssteinen, Storsetra, Nistusetra, Prestsetra og gjennom bøkeskog og hyttefelt i Stangvika. I Kvanneområdet har det vore turar med start frå Vang til Øygarshalsen, Haukarberget, Kvennaåsen, Grytskogsetra, Motrøa og golfbanen. Det har vore vandring på Søysetlandet, Mulneset, Bjønnndullu, langs Søyaelva både nedanfor og ovanfor Søyabrua, Kvenndalen, Skjennå og Ranessetra.. På Nordvik har det vore tur på Åsbøsnyttå, Hamran, Nordviksetra, Haltbakkan og etter skogsveggar og gjennom hyttefelt. I Todalen har det vore tur til Tjønnyra, Hjellnessetra, Storhaugen og Toå tursti. Dei lengste turane var til Vassdalen og Fagerfjellet på Nordmarka. Da var det strålande ver og det vart full dag på desse turane.

Turane er opplagt slik at det skal passe for dei fleste, uansett form og diverse vondter. Det er pausar undervegs og tid til å puste på ei stund, når det trengs. Formålet er at det skal vere sosialt, tempoet skal tillate at ein kan prate heile tida .

Det var litt opphald i vandringane når pandemien herja som verst, men i haust har det vore tur kvar måndag. No får ein av dei som er med på turen bestemme neste turmål. Dei siste turane har gått til Haukarberget,

Skjennå, Hjellnessetra, Storhaugen og på Nordvik.

Det er berre å slå seg med for den som vil, målet er å ha det hyggeleg i lag og så kan vi bli kjent på nye plassar. Det er god folkehelse å gå på tur utan å ta tida og telle skritt.

Anna Ingeborg Nordvik





Velkommen til Slettneset steinovnsbakeri

Ein triveleg kafè i Slettneset på Nordvik.



Her kan du nyte ein god kopp kaffe med noko søtt til, eller kjøpe med deg brød heim, laga i vår vedfyrte bakerovn.

Vi har åpent ein søndag i månaden kl. 12 – 16.
Følg oss på facebook og instagram for dato på neste åpen kafè.



Matkroken

ASS LANDHANDEL I TODALEN

Vi ønsker alle kunder både "innafær og utafær"
tunnelen velkommen til lokal handel!

Åpningstider: Mandag - fredag 9-18 • Lørdag 9-16 • Søndag 16-18

HalsOil Verdens beste drivstoff

Marius Kvande (12) – allsidig kar med talent og fullt fokus på fleire baner

Ein dyktig tolvåring på fotballbanen er eit ganske vanleg syn, men at ein tolvåring allereie har notert seg for «hole-in-one» – og blir nr 2 i klubbmesterskapet i konkurranse med vaksne er nok meir spesielt. At nokon bruker det meste av fritida si på fotball og golf, som heller ikkje er heilt uvanleg. Men kombinasjon av alt dette er det nok ikkje så mange eksempel på, i alle fall ikkje på våre trakter.

Marius Kvande er altså 12 år, og har i denne sesongen spela 7er fotball på Kvass/Ulvungen/Søya til G12-lag. Der han gjort seg såpass bemerkta i sin sentrale midt-baneposisjon at han frå i haust har fått sjansen i Neas-akademiet – og frå nyttår ventar kanskje Kristiansund bylag for 13-åringar. Så det er ingen tvil om at han også er eit fotballtalent – men denne reportasjen dreier seg først og fremst om prestasjonane til Marius som golfspelar for Surnadal Golfklubb.

For Marius bruker mykje tid golf, og har i sesongen 2021 lagt ned hundrevis av treningstimer. På Surnadal Golfpark (på Mo) er han å sjå nesten kvar dag heile sommaren, gjerne i lag med bestefar Terje Kvande. Bestefar har spela golf mange år, og Marius var med



han til golfbanen heilt frå 5-årsalderen. Men det var i mai 2020 tok Marius nybegynnerkurset på golfen, og dermed var han «offisielt» i gang med ein ny sport for alvor.

Det viste seg raskt at Marius også hadde skikkeleg dreisen på golfkøllene, og slo til med heile 31 poeng (der vi andre er godt fornøgd med 18 poeng...) på ein 9-hols runde berre eit par veker etter kurset. Og det er slett ikkje berre nybegynnarflaks og høgt handicap som gir ein slik uvanleg sterk poengscore. Alle nye golfspelarar starter med handicap på 54, og så spelar ein seg automatisk ned etterkvart som det blir registrert nye resultat gjennom sesongen. Allereie den 31. mai 2020 hadde 11-åringen spela seg ned 28,3 (!), og Marius avslutta 2020-sesongen med eit handicap på 25,5. Men før han kom så langt hadde han også like godt notert seg for Hole-in-one, da Marius 16. september 2020 slo rett i «koppen» på 112 meters hald på hol 5. Dei fleste spelar heile livet uten å klare dette, men Marius klarte det altså 4 månader etter at han begynte som golfspelar.

Utover vinteren 2020/2021 vart det uttallige treningstimar, og etter kvart vart det nye golfkøller også – og Marius følte ganske raskt at ferdighetene vart enda mykje betre. Både slaglengda og presisjonen betra seg tydeleg utover vinteren. Treningstimaner ga resultat, og Marius gledde seg verkeleg på ny utandørssesong. Bestefar Terje var med på dei fleste treningsøktene – og etterkvart begynte Marius også å matche bestefar med både slaglengde og resultat.

Sesongstarten 2021 var på Øydegard golfbane i Straumsnes (Tingvoll Golfklubb). Marius vart sett opp i gruppe saman med Stian Kooyman (som er av dei aller beste spelarane i Surnadal GK) og tre karar frå Molde GK. Litt småskummelt for ein 11-åring kanskje... Denne dagen ga Marius eit lite varsel om kva som var på gang i sesongen 2021. Han vann B-klassen (i konkurranse med 26 vaksne deltakarar) i suveren stil, og hadde dagens høgaste poengscore av samtlige spelarar. Og berre 4 slag bak Stian Kooyman, som også spela godt og vart nr 4 i A-klassen!! Ein heilt



utruleg prestasjon av unggutten. Og etter dette har ikkje Marius sett seg bakover.

I starten av sesongen vann han dei aller fleste av turneringane som vi arrangerte på den flotte golfbanen på Mo. Vi gamlingane hadde ikkje ein sjanse. 12-åringen knuste oss! Vi har i sesongen 2021 hatt to store seriespel (eller «kvardagsturneringar» om du vil), og Marius har like godt sikra seg seieren i begge to – både Intersport Cup og SpareBank1 Nordmøre Challenge. Men den aller største enkeltprestasjonen var nok likevel da han vart nummer 2 i klubbmesterskapet, berre bak vinnaren Stian Kooyman. Dyktige og erfarne karer som Allan Troelsen og Geir Garte klarte ikkje å henge med Marius denne helga. Og da er det i farten litt lett å gløyme at han faktisk er berre 12 år.

Kva skal du satse mest på i åra som kjem da Marius – fotball eller golf?

-Eg skal fortsatt vere med på begge deler, og vil prøve å bli så god som muleg i begge idrettene, svarer Marius.

Heilt sikkert godt gjennomtenkt svar, og sjølsagt ei svært fornuftig plan for ein 12-åring. Marius er nemleg svært dyktig til å planlegge og forberede seg (f.eks. på nye golfbaner han skal spele på), halde konsentrasjon og fokus ute på banen, og er også bevisst på kva han har vil trene på for å bli betre.

Kva skal du bli «når du blir stor» da Marius?

- Eg skal i alle fall ikkje få meg eit arbeid der eg må sitte på ein kontorstol, kjem det kontant frå unggutten frå Kråkhaugen på Kvanne.

Kva er drømmen i idretten da, er det å bli toppspelar i fotball eller ein ny Hovland på golfbanen?

- Vi får sjå, har ikkje tenkt så mykje på det eigentleg.

Igjen er Marius fornuftig med svaret sitt, og ikkje så lett å lokke han «ut på» med lure spørsmål i håp om at svaret kan bli overskrift på dette stykket....

Men har du sett deg noko sportsleg mål for utviklinga på golfbanen i 2022 da Marius?

- Eg har 7,5 i handicap no, og målet mitt er å spele på eit nivå der eg i alle fall forsvare dette handicapet. Målet mitt er å spele bra. Og så har eg tenkt å satse skikkeleg på Narvesen Tour (juniorturneringer i Midtnorge, der også Surnadal GK skal arrangere ein runde) i 2022.

Skribenten kan tilføye at det er berre Allan Troelsen (hcp 6,7), Stian Kooyman (hcp 7,2), Helge Wiig (hcp 7,7), Geir Garte (hcp 8,5) og Geir Berntsen (hcp 8,8) som er på tilsvarande handicapnivå av lokale spelarar som er medlemmer i Surnadal Golfklubb. Bestefar Terje Kvande, som også er ein svært dyktig golfspelar, har 9,9 i handicap.

- Bestefar har alltid vore trenaren min på golfbanen, og det blir han nok vidare også. Men no er det like mykje eg som gir han nokre gode tips, smiler Marius.

Marius seier elles at han spelar både FIFA på playstation og golfspel på nett, men det blir sjølsagt ikkje det same som å spele aktivt ute på fotballbanen og golfbanen.

Vi treffer Marius og far Tom Erik i golfsimulatoren siste søndagskvelden i oktober, der Søyapost-skribenten



forstyrrer deler av treningsøkta med å foreta intervjuet nærmest samtidig med treninga. Far Tom Erik skyt inn at Marius har klisterhjerne som blir bruka til m.a. lagoppstillingar i Premier League, golfresultat og baneguiden på aktuelle golfbaner. Men vi får forsikra frå Marius at det også blir tid til litt leksearbeid innimellom alt det andre.

Vi ønskjer Marius lykke til med treninga i både fotball og golf utover vinteren – og etterkvart lykke til med ny golfsesong! Vi anbefaler Søyapost-lesarane til å ta ein tur opp til Mo når vi startar opp att med golfturneringar til sommaren, for å sjå på Marius (og alle oss andre.....) i aksjon.

Knut Haugen
på oppdrag som «gjesteskribent» i Søyaposten :)

Skyttar-renn

Av Marit Haugen

Arrangering av skyttarrenn var ein tradisjon i «Søya-land» kring påskehelga i mange år. Vinteren 1952 var økonomien i idrettslaget Søya heller skral, og det vart diskutert korleis dei kunne få litt pengar i kassa. Resultatet vart at dei skulle prøva seg med Skyttar-renn første søndag etter påske. Startkontingenten vart sett til kr. 2,-, og det skulle arrangerast basar i Myrvang om kvelden. Magnar Kjølstad og John P. Haugen fekk i oppgåve å få tak i, eller laga figurar til blinkar. Rennet hadde start og innkomst ved Grytskogskulen, skytinga foregikk ved Gjerstad, og det var Idar Nordvik («Plassa») som gjekk av med sigeren. Av andre resultat vart Leif Halle (Myrset) nr 5. Det var mange som stilte til start, så det gav nok «meirsmak» med eit liknande arrangement, men dette var det einaste rennet som var arrangert av idrettslaget, seinare var det skyttarlaget som tok over. Søya skyttarlag vart stifta i 1946 av ein todaling, Ola Halle frå Austistua Halle. Han arbeidde på Kvanne på denne tida, og var den første formannen i skyttarlaget. Seinare var Olaf Østbø formann i mange år. Leif Halle (Myrset) var formann i skyttarlaet i 17 år, heilt til han døde i 1978.

Alt neste år, i 1953, var skyttarlaget i gang med eit nytt renn, da med start ved Vang og skyting ved Myrset. Lars Halle (Myrset) var da 15 år og ein av deltakarane. Mora, Louise, var på plass som publikum, og Lars hugsa spesielt ein episode frå rennet: Louise stod ved brua nedafor Vang, og da Edv. Moøy kom og skulle renne over brua, bars det overende – dette tykte Edvart var så «skissleg»..... Det var ca 12 som starta, og truleg var det John Haugen (Heimstad) som vann. Av andre deltakarar var «Gammelplassin», Nils A. Røen og Leif Myrset.

Etter dette første skyttarrennet som vart arrangert av Skyttarlaget, vart det arrangert renn kvart år, heilt fram til 1989. Leif Halle og Odd Østbø, henholdsvis leiar og kasserar i Søya skyttarlag, var «arrangementsansvarleg» i mange år. Dei fleste åra var det start og mål enten på Myrset eller Vang, der det og var skyting. Løypa var ca 10 km, og gjekk ut myrane, uti Grønneslykkja og tilbake. Lars Vang og Lars Halle hadde ansvaret for løypene heilt fram til snøskuteren kom. Deltakarane gjekk ein runde før skyting og ein etter. Skytinga bestod av 10 skot, liggande, på figurar om lag 100 til 150 m borte. Dei første åra var det ganske store figurar; seinare vart det mindre blinkar, dei hadde ein diameter på ca. 30 cm, avkutta i nedre kanten. For kvar bom vart det 2 minutt tillegg på langrennstida. Våpna var for det meste Krag Jørgensen eller Mauser gevær. Sist på vart det kanskje meir avanserte våpen og.

Det var vanleg at alle deltakarane fekk premie, og i tillegg har det vore kjempa om fine vandrepokalar. Den første vandrepokalen var ein sølvpokal gjeven av innbyggjarane i Røgrenda i 1958, og vart til slutt vunnen av Reidar Haugen i 1969. Den neste var det skyttarlaget som gav, og den tok Lars Halle. Den tredje vandrepokalen, dette og ein sølvpokal som skyttarlaget gav, tok Reidar Haugen i 1980. Den siste pokalen som

var oppsett var ein tinnpokal. Etter at det siste skyttarrennet vart arrangert, i 1989, hadde ingen 3 napp i denne pokalen, flest hadde Martinus Nes, og styret i skyttarlaget vedtok at han skulle få denne.

Litt om dei enkelte renna, etter samtalar og notatar frå Lars Vang og Lars Halle:

I 1954 vart rennet arrangert søndag 14. mars, med start og mål nedafor Grytskogskulen. Vinnar var Olaf Nordvik, medan Lars Halle (Myrset) hadde beste langrennstid, 1 ½ minutt føre Olaf. Lars hugsa spesielt ein kommentar til Olaf etter dette rennet: «Går'n frå de na gutoinnin»!

I 1955 vart rennet arrangert søndag etter påske, den 17. april på Vang. Det var 19 mann som starta, av dei var 6 under 20 år. Asbjørn Røen vann seniorklassen medan Ola Halle (Utheim) vann klassen for juniorar.

I 1956 vart rennet arrangert på Nordvik, laurdag føre palmesøndag, med 18 som starta, av dei 6 i juniorklassen. Og vinnarane var dei same i år og, Asbjørn Røen i klasse senior og Ola Halle i klasse junior.

Frå rennet i 1957 har vi ingen notatar, anna enn at det vart arrangert palmesøndag 14. april ved Vang. Truleg var det Ola Haugen som vann (eller Asbjørn Røen?). Lars Vang var i militæret dette år, medan Ola Halle og Lars Halle var oppi Rindalen på samlagsmesterskap. Ola og Lars reiste med mjølkebil til Skei, og vidare derifrå med drosje, fortalte Lars.

I 1958 vart rennet arrangert palmesøndag 30. mars, dette var første året det var oppsett vandrepokal. Pokalen var gjeven av «Røengrenda» - etter innsamling av pengar hos alle husstander oppå Røen. Ola Haugen, Nistua vann, og tok første napp i pokalen.

I 1959 var Lars ferdig i militæret, og har notert at rennet gjekk påskelaurdag 28. mars på Vang, med 11 deltakarar, 7 i seniorklassen. No var det Jon Oren som vann klasse senior, og Ola Halle klasse junior.

I 1960 var det «bært» nedi bygda, og rennet vart flytta til «Ruffen» med skyting oppunder Brønnhildia, søndag før påske, 3. april. Det var berre 6 som starta. Lars Halle, Lars og Jon Vang overnatta oppi Vanghytta før dei gjekk innover til «Ruffen». Lars Halle var sjuk, med høg feber, men det gjekk ikkje «an» å skulke skyttarrenn for det! Jon Oren vann rennet med



Lars Halle med pokalen han tok i 1961.



Deltakarar på skyttarrennet ved Vang i 1962. Frå venstre Kåre Kvanne, Jon Vang, Lars Halle, Lars Vang, Jon Oren, Reidar Haugen, Ola Haugen, Sigmund Gjerstad, Magnar Haugen.

10 treff, Lars Vang vart nr 5 med 2 treff, men hadde 2 minutt betre langrennstid enn nestemann.

I 1961 var rennet arrangert ved Vang (Myrset?) 2. påskedag, 3. april. Dette hadde vore ein svært snøfattig vinter, og mest alle langrenn var avlyst. Men til påske kom det mykje snø. Vinnar var Lars Halle med Jon Oren som nr 2.

1962 var nok ein snørik vinnter/vår. Lars Vang hadde notert at det var 75 cm snø på Vang-ekrene den 1. mai dette året. Skyttarrennet vart arrangert på Vang palmesøndag den 15. april. Dette året starta det 9 mann, og det var Jon Vang som vann, føre Lars Vang, Reidar Haugen, Lars L. Halle og Jon Oren.

I 1963 var og palmesøndag renndagen og rennet gjekk ved Vang. Dette året var det Reidar Haugen som vann føre Lars Halle, Jon Oren, Lars Vang, Sigmund Gjerstad, Johan Haugen og Lars Torslett. Kåre Kvanne vann klasse 35-50 år, og Leif Halle eldste klasse. To av «veteranane», Jon Vang og Ola Halle stilte ikkje til start – dei var i Gaza....

I 1964 vart rennet arrangert på Myrset påskelaurdag den 28. mars med godt klisterføre. På Myrset finns «resultat-tavle» frå rennet, og det var Johan Haugen som vann, føre Lars Halle, Lars Vang, Ola Halle og Jon Vang.

I 1965 var renndagen palmesøndag den 11. april. Rennet gjekk på Vang, og heile 13 starta, 10 seniorar og 3 juniorar. Lars Moøy vann seniorklassen medan Lars Vang vart nr 7. Reidar Haugen hadde beste langrennstid føre Jon Vang.

I 1966 var Lars Vang notert at han var i Gaza, og derfor har vi ingen data for rennet dette året. Men det var truleg Reidar Haugen som vann.

Frå 1967 og fram til siste rennet, som vart arrangert i 1989, var onsdag før skjærtorsdag fast renndag. I 1967 var dette den 22. mars. Start og målgang var ved Myrset, Lars Halle vann føre Reidar Haugen, Ola Halle og

Jon Vang. Jon Vang gjekk fortast av alle, men hadde berre 5 treff. Dei tre første på resultatlista hadde 10 treff kvar.

I 1968 gjekk rennet og ved Myrset, onsdag før skjærtorsdag. Da vann Jon Vang føre Lars Halle og Reidar Haugen.

I 1969, start, skyting og mål på Myrset. Denne dagen vann Reidar Haugen, hadde 10 treff og tok vandrepokalen som «Røengrenda» hadde sett opp i 1958 «til odell og eige». Lars Halle vart nr. 2 med 9 treff.

I 1970, den 25. mars, gjekk rennet på Myrset. Lars Halle vann og tok 1. napp i ny stor sølvpokal til kr 300. Dette året var blinkane mindre enn tidlegare. Jørund Kvanne hadde beste langrennstid føre Lars Vang.

I 1971, den 7. april, vann og Lars Halle skyttarrennet, medan Lars Vang vart nr 4.

I 1972 var renndag 29. mars, og vart arrangert på Myrset. Dette året var det Reidar Haugen som vann, føre Lars Halle – og det var berre dei to som deltok.

1973 – 18. april. Rennet gjekk på Myrset, Lars Halle vann føre Reidar Haugen, Johan Haugen, Lars Vang, Einar Rød og Nils Magne Røen. Dermed tok Lars Halle vandrepokalen til odell og eige, etter berre 4 renn (han hadde 3 «napp» i pokalen, Reidar Haugen 1 «napp»).

1974 – framleis onsdag før skjærtorsdag, 10. april på Myrset. Det var 6 mann som starta, Lars Halle vann og tok 1. napp i ny vandrepokal. Nr 2 vart Reidar Haugen.

1975 – 26. mars på Vang. 8 mann starta, og vinnar var Johan Haugen. Lars Halle hadde beste langrennstid føre Lars Vang.

1976 – 14. april på Myrset. Dette året var det Lars Moøy som vann. Reidar Haugen hadde



Til høgre sølvpokalen som var gjeven av «Røengrenda» i 1958. Det var mange som hadde «napp» i denne pokalen: Ola Haugen (Nistua), Johan Haugen og Lars Moøy eit napp kvar, Jon Oren, Lars Halle og Jon Vang to napp kvar, og altså Reidar Haugen som i 1969 tok sitt tredje napp og fekk pokalen «til odell og eige». Til venstre sølvpokal oppsett av skyttarlaget i 1974.

beste langrennstid føre Lars Vang. Martinus Nes vart nr 3, og Lars Halle nr 4. Odd Magne Haugen vann juniorklassen som einaste deltakar.

1977 – 6. april. Det var våt nysnø, og Reidar Haugen vann med 10 treff.

1978 – 23. mars på Myrset. Dette året var det og Reidar Haugen som vann, medan Lars Vang gjekk fortast, men fekk berre 6 treff og vart dermed nr 3. I Søyaposten, mars 1978, stod resultat frå dette rennet:

1979 - 11. april på Vang. Berre 4 starta. Lars Halle vann med 10 treff. Lars Vang vart sist med 9 treff.

1980 - 2. april på Vang. Det var 10 mann som starta, Reidar Haugen vann og tok pokalen til odel og eige, han hadde 10 treff. Jon Vang vart nr 3 med 6 treff og Lars Vang nr 4 med 9 treff.

1981 - 15. april på Vang. 9 mann starta og Martinus Nes vann. Dette året var det oppsett ny vandrepokal, og Martinus fekk dermed første napp i denne. Nytt av året var at det vart skote på ballongar, med strafferundar for kvar bom.

1982 - 7. april i Lysløypa ved Vang, med skyting på ballongar uti Dalamyran. Dei gjekk da først 2 rundar i lysløypa, skyting på ballongar med 50 meters avstand, så 2 rundar i lysløypa til slutt. Martinus Nes vann dette året og.

1983 - 30. mars på Vang. – Dette er alt Lars har notert om dette rennet...

Klasse under 50 år

	Langrennstid	Treff	Sluttid
1 Reidar Haugen	52,08	9	54,08
2 Magnar Haugen	55,38	9	57,38
3 Lars Vang	49,51	6	57,51
4 Magne Hansen	50,06	6	58,06
5 Martinus Nes	50,25	6	58,25
6 Lars Moøy	50,24	4	62,24
7 Odd Østbø	67,40	8	71,40

Klasse over 50 år

John Gjerstad	57,38	4	69,38
---------------	-------	---	-------

1984 - 18. april gjekk rennet og i Lysløypa med skyting uti Dalamyran. Ole Johan Kvendbø vann.

1985 - 3. april ved Vang. 4 + 2 deltok – ingen fleire opplysningar.

1986 - 26. mars. Einar Kvande (Moøy) vann med salongrifla til Lars Vang. Av andre deltakarar var Jon Vang nemnd.

1987 - 15. april. Notert av Lars Vang: «5 vaksne og 1 gut starta. Martinus Nes vann pokalen, men Ole Johan Kvendbø var best».



Deltakarane på skyttarrennet i 1975. Frå venstre Einar Rød, Jørund Kvande, Rolf Sveen, Lars Vang, Kåre Kvande, Reidar Haugen og Lars Halle.



Johan Haugen tek imot pokalen frå Leif Halle for sigeren i 1975.

1988 - 30. mars på Vang. 9 stk starta. Martinus Nes vann.

1989 - 22. mars på Vang. 12 stk med smått og stort starta. Reidar Haugen vann, medan Jon Vang hadde beste langrennstid.

1989 var siste året det var arrangert skyttarrennet. Pokalen som da gjekk (ein tinnpokal oppsett av skyttarlaget), hadde Martinus Nes flest napp i, og fekk den derfor «til odel og eige».

Årsrapport fra trimgruppa 2020-2021

Trimgruppa i idrettslaget har en viktig funksjon i lokalsamfunnet ved å legge tilrette for bruk av den flotte naturen vi har rundt oss. Dette styrker folkehelsen og gir fine naturopplevelser.

Den viktigste oppgaven til gruppa er å drive de 10 trimpostene, dvs. Strengen, Storsetra, Haukarberget, Øygardshalsen, Evjehaugen, Kvennaåsen, Mulneset, Bjønndulu, Åsbøsnyta og Haugasetra.

Da coronasituasjonen oppsto i mars oppfordra vi til å ikke skrive i bøkene for å redusere spredning av evt. smitte. På grunn av dette blir det ikke trekt ut "vinnere" av premie på hver post i år. Tallene er som vi også ser noe lavere på alle postene i år sammenlikna med i fjor.

Turmål	Antall besøk dette trimåret	Antall besøk forrige trimår
Strengen	1674	1753
Storsetra	2256	2544
Haukarberget	1058	615
Øygardshalsen	1098	1388
Evjehaugen	322	464
Kvennaåsen	1465	812
Mulneset	494	466
Bjønndulu	69	131
Åsbøsnyta	613	508
Haugasetra	74	57
Totalt	9423	8738



Denne sesongen har Haugasetra vært Stikk UT! - turmål. I vinter var også Øygardshalsen og Klåberget Stikk UT! Ski-poster. Det er alltid trivelig å treffe turfolk fra andre deler av fylket som besøker oss. Stikk-UT! er et flott opplegg i regi av friluftsrådene i Møre og Romsdal.

Også sist vinter nøy vi godt av oppkjørte skispor i Strengentråseene. Dette gjør områdene lettere tilgjengelig for flere på denne årstida. Mange takk til gjengen som tar på seg ansvaret med legging av spor!

Heller ikke i år har vi arrangert fellesturer da det de siste åra var lite deltakelse. Dette kan selvfølgelig endres hvis vi får tilbakemelding om det. Vi er også åpne for innspill om andre tur-/trimaktiviteter vi kan arrangere.

Trimgruppa håper på fine forhold også det kommende året slik at vi også da kan bidra til mye trivsel og helsefremmende aktivitet i naturen rundt oss.



Nye benker og nytt stenbord på Storsetra.

Medlemmer Søya

Ei velmeint «bekymringsmelding» om medlemstalet i IL Søya

Eg må innrømme at eg skvatt til litt under eit jobbmøte i slutten av oktober, da representantar frå Møre og Romsdal Idrettskrets og Surnadal Idrettsråd var på besøk for å presentere situasjonen i dei lokale idrettslag til formannskapet i Surnadal kommune.

På ein statistikk som vart vist (pr 31.12.2020) stod det svart på kvitt at Idrettslaget Søya hadde berre 220 medlemmer. Totalen Idrettslag og Øvre Surnadal Idrettslag (som begge var berre halvparten så store klubbar som Søya «før i tida») hadde hhv. 241 og 219 medlemmer viste statistikken. No er det ikkje eit mål i seg sjølv å ha fleire medlemmer enn dei andre idrettslag, men eg tykkjer det er kjempesynd at ikkje fleire ønskjer å vere medlem i idrettslaget vårt. Det er muleg at vi har mista ein del medlemmer under koronaen kanskje, men uansett tykkjer eg dette var eit lågt tal. Som ein «gamal Søya-kar» kjente eg på at eg var litt lei meg på vegne av mitt kjære idrettslag – ein klubb som etter mi meining er eit viktig «lim» i bygda vi bor i. Men «limet» blir mykje svakare med nedgang i medlemstalet.

Før eg fortsett å skrive så må eg presisere at dette ikkje er meint som kritikk til nokon, verken i styre og stell i idrettslaget – eller nokon annan. Eg er berre litt lei meg og bekymra for utviklinga, og håper det er muleg å få fram den sterke identitetsfølelsen til idrettslaget igjen – og at «alle» vil vere medlem.

For nokre få 10-år sidan låg medlemstalet stabilt rundt 350-400, og IL Søya var den soleklare «nr2-klubben» av idrettslag i kommunen. No har Surnadal Golfklubb overteke 2. plassen, men dette er ein ganske ny klubb, med ganske mange utanbygds medlemmer – så denne ser eg bort frå i samanlikninga. Men det er ingen tvil om at klubbar som Todalen IL, ØSIL og Bøfjord IL har klart seg langt betre på medlemstatistikken enn IL Søya. Så vi må kunne stille oss spørsmål om kvifor dette har skjedd, kvifor er vi ikkje medlemmer av idrettslaget?

For meg er det nesten sjølsagt at «heile bygda» er med i det lokale idrettslaget, meir som eit slags felles grendalag. Eg er absolutt klar over at fleire er medlemmer i andre aktivitetar og andre lag/foreningar i staden for IL Søya. Er også klar over at tida har endra seg sidan 1990. Men eg anar meg likevel ein tendens til at det svært viktige «støttemedlemskapet» har forsvunne litt dei siste åra. Det er også viktig å minne om at det er fullt muleg å vere medlem i fleire idrettslag, sjøl om du ikkje kan vere aktiv utøvar i to klubbar samtidig i samme idrett.

Eg har også på følelsen at det er meir vanleg at dei «aktive» i familien er medlem (ungane), medan dei passive (foreldra) held opp å vere medlem – kanskje for å sleppe å vere komite osv. Viss dette stemmer så er dette ei haldning som etter mi meining vil bli

svært bekymringsfullt og utfordringande på sikt. Som foreldre må vi uansett vere med tykkjer eg. Idrettslag i bygde-Norge er bygd opp omkring dugnadsanda, og slik blir det også i framtida. Da kan ikkje berre dei «aktive» vere med, da forsvinn støtteapparatet raskt. Vi må få sjølsagt få med foreldrene til aktive ungar, vi må få med besteforeldre, onkel og tante, naboen osv. Altså støttemedlemmene.

Etter mi meining burde det ha vore ei realistisk målsetting om å få medlemstalet opp på 50% av innbyggjarane i Søyaland. Men da skal vi få til dette må vi alle sjå nytten av eit sterkt idrettslag i lokalsamfunnet vårt. Og eg trur rett og slett det er fornuftig å ha ei skikkelig tøff vervekampanje, og kanskje til og med går frå dør til dør. For eg trur nok at nokre medlemmer har forsvunne ut frå medlemslistene som følge av digitalt medlemsregister og innkreving på epost. Så kanskje vi berre treng å ta eit felles løft igjen? Viss «heile bygda» blir med på ein slik dugnad, så er det absolutt realistisk å få medlemstalet til å passere 300 i løpet av 2022 og vidare til 400 i løpet av 2023. Eg er såpass optimist at eg trur at dette ville vi faktisk klart ganske lett viss det vart organisert ei positiv vervekampanje.

Dette vil vore svært viktig for IL Søya, t.d. for å få sin andel av lokale aktivitetsmidlar og kulturmidlar – ordningar der tilskota blir fordelt etter aktivitet og medlemstal. Men ikkje minst er det viktig for sjølve klubben at fleire føler eigarskap for aktiviteten og samfunnsengasjementet i idrettslaget vårt

Vi kan ikkje tvinge nokon til å vere medlemmer i idrettslaget. Men heller ei oppfordring til oss alle – betal kontingent når det kjem melding om denne. Og meld inn heile familien – det er kanskje viktigare enn vi trur! Og er du ikkje lenger medlem (og dermed ikkje får epost med betalingsinfo), så er det heilt sikkert berre å kontakte nokon i styret for laget.

Med håp om at IL Søya igjen skal få medlemstalet opp i «gamle høyder» :)

Med helsing
Knut Haugen

Største idrettslag	
Idrettslag	Medl.
Surnadal Idrettslag	797
Surnadal Golfklubb	358
Todalen Idrettslag	241
Idrettslaget Søya	220
Øvre Surnadal Idrettslag	219
Surnadal Tae Kwon-Do Klubb	205
Bøfjord Idrettslag	164
Trollheimen Sykkellubb	123
Bæverfjord Idrettslag	118
Trollheimen Ride og Kjørelag	101
Bæverdalen Pistolklubb	88
Surnadal Motocrossklubb	50
Trollheimen Fjellsportklubb	16

ALTI
SURNADAL

Alti på heimebane!

Velkommen til en trivelig handel på Alti Surnadal

BUTIKKER

ARK	90 24 83 51
BOOTS APOTEK	71 65 52 10
CUBUS	55 21 17 67
EUROPRIS	71 66 13 10
EUROSKO	97 05 08 48
FLOYD	90 82 08 70
HAPPY HOMES SÆTERBØ	45 51 50 55
HUSFLIDEN	48 28 64 63
HÅRSENTRET	71 66 18 02
INC.	90 27 02 75
INTERSPORT	71 65 75 85
IVAR ØVERLIE AS	71 66 03 19
KITCH'N	51 11 71 21
NILLE	97 11 51 04
O.M. GREFSTAD BILFORHANDLER	91 72 06 06
POWER	71 65 99 50
PRINCESS	71 65 90 23
REMA 1000	71 66 31 55
THE LOOK	

SPISESTEDER

CHINA RESTAURANT	71 65 75 88
JOHANSEN CONDITORI	40 60 65 96

ANDRE

ALTI FORVALTNING AS	
AMFI KREATIV	91 66 01 00
GJENSIDIGE FORSIKRING SURNADAL	71 65 70 00
OLAV THON GRUPPEN	23 15 86 80
RIBI AUTOSENTER/SERVICE	71 65 75 72
SENTERKONTORET	95 86 29 86



MELD DEG INN
I KUNDEKLUBBEN

Send kodeord
SURNADAL til
27500



26
leietakere

300 gratis
parkeringsplasser
og ladestasjoner
for elbil.

Åpent: 10–19 (16)

Mer av det som gjør deg glad

www.alti.no/surnadal

For å glede våre søyamedlemmer har vi fått to gaver fra sponsorene våre ALTI og Sparebank 1 Nordmøre som vi ønsker å gi to av våre betalende medlemmer. De heldige som er trekt ut er Jon Ola Åsbø og Solveig Andersen, dere får en gave før jula. :)

Frå skigruppa 2021

Hei alle saman. Då har det sanneleg gått eit år att. Det er sein oktober, og like sikkert som at vi snart lyt stille klokka, så har ikkje eg levert bidrag til Søyaposten. Då lyt vår dyktige og tolmogige redaktør Merete til å senda påminningar om dette. Alt er altså ved det normale og i skigruppa,. Verda er i vater kan ein seia, og det er berre til å leita i ymse bildearkiv og i gløymseleens si skuff og sjå kva ein finn.

Då eg las litt i Søyaposten i frå i fjor, såg eg nokre betraktningar om koronasituasjonen og korleis den råka klubben og gruppene sin aktivitet. Eg las om korleis vi hadde måtte avlysa en del planlagt aktivitet, og at vi vona vi skulle koma i gang at på normalt vis dette året. Slik vart det diverre ikkje. Skigruppa har i så måte vore heldige likevel. Aktiviteten vår er basert på utomhusaktivitetar og med nokre tvistar her og der fekk vi i all hovudsak halde dei aktivitetane vi hadde ambisjonar om. Eg skal prøve å dra dykk gjennom aktivitetsåret slik det vart.

God lesing.

Born i løypa

I år som i ei lang årrekke vart denne arrangementserien halde. Vi kleia oss litt i bakhauet over korleis dette skulle gjerast. "Heimlaga" bakels i ei overfylt varmastue var ikkje akkurat på linje med smittevernsprotokollen slik vi las han. Vi landa på eit forenkla opplegg med fokus på skigang og skileik. Påmelding og matsalg foregje gjennom vindauget på kjøk-

kenet. Mat og mat... Det gjekk nå mest i sjokolade og ferdigsmurde variantar. Varmestua laut vi dessverre stengja for vanleg drift, og berre dei aller hustrigaste fekk koma innom for tining. Eit noko avstump opplegg i forhold til kva vi skulle ynskja å til by, men folk tok det med godt mot og stilte opp utan sure miner. Vi selte vel 40 startnummer i denne sesongen, noko som vi tykkjer er rett så bra sett i samanheng med størrelsen på kulla som er i området no for tida.

Dei seinare åra har mykje av aktiviteten vore knytt til frileik i akebakken. Dette er bra, og har gjeve gode skiferdigheter hjå ungane som dei har hatt god bruk for seinare. Denne sesongen ville vi sjå om det ikkje gjekk an få litt større aktivitet i skiløypene også. Vi laga difor eit opplegg vi kalla for "Kilometerslukaren". Dette gjekk i korte trekk ut på at vi sette ut to postkassar i løypa med gamaldagse basarbøker oppi. Det var sett ut på to ulike distansar. Ein for dei minste borna, og ein for dei største. Så var det om og gjere og få registrert så mange turar som mogleg over alle kveldane samla. Vi hadde forhåpningar om ein viss effekt av påfunnet. Det slo til, og vi tykte riktig mange ungar vart å sjå i løypene gjennom heile sesongen. Dette til tross for at det enkelte kveldar var riktig så kaldt på Vang, og gradestokken kraup ned mot 15 kuldegrader.

Den 21. mars vart det halde avslutting på Born i løypa. Plana var å kombinera dette med klubbrenn. Førre var ikkje på vår side denne dagen. Mildver og regn dagane før gjorde kål på skiføret, så det heile enda med

ei markering nede ved gapahuken der grillpølse, saft og kaffe vart sentrale element i arrangementet. Berre dei aller ivrigaste tok seg nokre turar på akebrett på det som var att av vinterføre. Likevel vart det ei triveleg stund for store og små, og eit høve til og treffast, som eg trur var kjærkommen for mange denne vinteren.

Alle som hadde løyst nummer for vinteren fekk seg ei medalje. Medan dei som hadde flest turar i "kilometerslukaren" fekk noko så# politisk ukorrekt" som ein diger pokal full av smågodt. Kvinnalendingane heldigvis ser stort på slikt. Det vart ikkje levert inn protest på premieringa, sjølv om det berre var torsdag.

Takk til alle som var med, og velkomne att ende til komande sesong.

Vaksne i løypa

Under eit planleggingsmøte i skigruppa før sesongen vart det spikkulert litt att og fram om kva vi kunne finne på for aktivitetar for laget sine medlemmar. Mest på gap, var ordet "vaksne i løypa" kaste på bordet. Trur den som sa det tenkte på antonymet til born i løypa eller noko i den dur. Ideen var fanga opp, og konseptet vart lansert. Opplegget vart sett opp som eit lågterskeltilbod. Målgruppa? Ja, det ligg liksom i navnet det. Vi vart einige om at det var greitt for oss vaksne å ha eit opplegg som fekk oss ut og på ski ein kveld i løpet av veka også. Vi ville testa ut ideen, og straks det vart skikkelig skiføre arrangerte vi ein hodelykttur til Klåberget. Dette vart godt motteke og eit lite tjuetall vart med opp denne kvelden. Etterpå vart det kaffedriking og kvikkunsetting i skihuset for den som ville. Vi hadde ulike turalternativ gjennom vinteren. Vi var heilt



INTERSPORT
OLAF MOEN EFTF. AS

oppe på Strengen eit par turar, vi var i lysløypa et par kveldar. Vi var fleire turar på Klåberget, nokre av oss på kjelke til og med. Fast takst var kaffekoppen til slutt. Viktig med litt sosialt opplegg for oss vaksne også vart konklusjonen. Vi tek sikte på å vidareføre dette tilbodet også til komande sesong.

Trimrenn i Strengentråse

Den 14. Mars arrangerte vi på nytt trimrenn i Strengentråse. Sjølv sagt vart det spikkulering på om det let seg gjennomføra. Men med visse tilpassingar og med ein pragmatisk kommuneoverlege i ryggen, så tok vi sjansen. Vi la ikkje opp til noko stor førehandsomtale eller annonsering av arrangementet av nemnte orsakar, men vi fekk likevel godt over 70 deltakarar med smått og stort. Opplegget vart med to distansar i år. Ein til Øygardshalsen og ein til Klåberget. Her vart det servert saft til den som ville ha. Veret var med oss denne dagen, difor bar vi med oss heile serveringa ut. Bord og benkar likså. Det vart reine påskestemninga denne dagen. Sola skein og temperaturen var godt på plussida. Folk kosa seg i sola og hadde det ikkje travelt med å koma seg heim etter målgang. Dei yngste fekk deltakarmedalje, og det vart trekt ut fine deltakarpremiar på startnumra.

Vi var alle einige om at det hadde vore ein fin dag, så vi tek sikte på å arrangere ein tredje gong til års att. Og gjer ein det, då har det vel vorte ein tradisjon da ?

Tråkkemaskingarasje

Ein skal ikkje kvile for lenge på lauvbera er det noko som heiter. Når no den nye tråkkemaskina vart ein realitet, så har fokuset flytta seg over til å lage ein skikkeleg garasje til ho. Nymaskina har noko større mål en den gamle, og kan knapt seias og vera under tak når vi sett ho inn i den garasjen som er i dag. Difor er det no sett i gang eit arbeid med å reise ein ny garasje som skal tena formålet. Her har vi vore heldige og gjort avtale med byggfag på Surnadal Vidaregåande Skule. Dei tek arbeidet med å reise bygget som ei øvingsoppgåve, medan laget held materialkostnadane og syter for grunnarbeida. Bakom det heile, står ein positiv og velvillig grunneigar. I skrivande stund er vi akkurat ferdig med grunnarbeida, og vi håpar at byggfag er klare med støypinga før frosten kjem. Prosjektet kjem truleg til å strekkja seg over eit par år. Vi vonar at dette vert gode fasilitetar og gjer at vi greier å ta vare på tråkkemaskina i mange år framover.

Slik vart det med oss i år. Er det nokon av dykk som har idear om kva vi i skigruppa skal halde på med, så er vi glade for innspel på det. Det blir av og til som ein går seg fast i måten ein har tenkt på før, og er difor opne for gode idear for kva vi skal finne på. Uansett så er anlegget og løypenettet der. Bruk det og gled dykk over dei fine fasilitetane vi har i nærområdet.

For skigruppa

Polden 02.11.21
Peder Saltrø



TAKSTMANN ØYÅS AS

Stolt sponsor av IL Søya
Takk for bolyst gjennom idrettsglede

God jul og godt nytt år!



ALT I TAKST FOR PRIVAT OG NÆRING

www.takstmannoyas.no
Telefonnummer 46 41 46 43
E-post: post@takstmannoyas.no



Velg **KORTREIST** terrassedekke med **LANG** levetid

MøreRoyal® terrassebord fra Surnadal er førsteklasses materialer som krever lite vedlikehold og gir lang levetid til tross for et råteutsatt klima.



MøreRoyal®



MøreRoyal®
GARANTERT
RÅTEFRITT
50 år

www.talgo.no

Foto: Ragnar Hartvig